



KOPI

ATR Eiendom
Sandvikbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7908 - 15/3630

Saksbehandlar:
Nils Kaalaas
NIK@lindas.kommune.no

Dato:
17.02.2015

Bakkeplanering gbnr 244/6 og 244/4 Eidsnes

Dokument:

Søknad innkome 06. 12. 14 med kart og profilar over området.

Søknaden:

Det vert søkt om bakkeplanering på eit område (Gangstømyra) ca 11 dekar, der 6 dekar tilhøyrer bnr 6 og 5 dekar høyrer til bnr 4. Tiltaket skal gjennomførast ved at det vert tilført jordmassar frå utbygging av industriområde på Eidsnes.

Lovgrunnlaget:

Etter forskrift om begrensing forureining § 4 – 2, må det søkjast løyve om det vert flytta masse som berører minst 1 dekar : Grunneigar er ansvarleg for at tiltaket vert utført i samsvar med dei krav som vert stilte, og det inkluderer det arbeid som vert utført av entreprenør på eigedomen. Eventuelle krav på brot av regelverket vil kunna rettast mot grunneigar. «Forskrift om bakkeplanering» fastsett av Miljøverndepartementet. 3. april 1989 har Lndbruksdepartementet fastsett tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt.

Retningslinjene omfattar tekniske krav til planeringsfelt, her med tekniske krav til planlegging/forundersøkingar, utforming av planeringsfelt, vassregulering og drift og vedlikehald.

Vurdering:

Gangstømyra som tiltaket omfattar ligg i kommuneplanen som LNF område og er ei grøfta myr som i gardskartet er registrert som fulldyrka jord. Myra ber i dag preg av jordsvinn med at det er sige ned over grøftene og heile myra byrjar å verta vassjuk. Med å fylla på massar slik som planen legg opp til vil ein få heva den samstundes som få mykje betre fall på heile arealet. Frå Landbrukskontoret si side så vurderer ein dette til å vera eit svært godt tiltak nå arbeidet er slutført. Det er eit krav at arbeidet vert utført i samsvar med «Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt» fastsett av Landbruksdepartementet.

Tiltaket har eit slikt omfang at ein har vurdert det slik at det ikkje har vore nødvendig å senda dette på høyring til regionale mynde. Ein grunnjev dette med at arealet har vore grøfta og snudd om fleire gonger,

F3.1



det er heller ikkje registreringar av fornminne i dette området og heller ikkje registreringar av biologisk mangfald som kan verta påverka av tiltaket.

Ein kan ikkje sjå at tiltaket når det er ferigstilt vil føra med seg endringar av kulturlandskapet, men ein vil gjera merksam på at fyllmassane vert påført med det fall som profilane syner.

Vedtak:

Med heimel i forskrift om begrensing av forureining (forurensingsforskrift) kapitel 4 godkjenner Lindås kommune søknaden om jordplanering på Gangstømyra tilhørande bnr 4 og 6 på Eidsnes. Med heimel i § 4 – 8 forureiningsforskrifta vert følgjande vilkår sette:

1. Det er ein føresetnad at dei punkt som kjem fram i vurderinga vert følgde og ein vil særleg understreka at det berre kan fyllast reine massar. Samstundes må ein sjå til at i anleggsperioden ikkje kjem sivevatn med jordhaldige partiklar ned mot Grunnevågen.
2. Løyvet omfattar og bygging av anleggsveg frå vegen ned til Manshjellen og fram til tippområdet.
3. Arealet skal vera klart og tilsådd innan 01.07. 2018.

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar skogbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

ATR Eiendom

Sandvikbodene 5 5035

BERGEN

F 3.2